

INTERPELLASJON nr. 2, 21.06.18.

Som ein stor arbeidsgjevar innan fleire tenesteområde har Lindås kommune eit kontinuerleg behov for faglært personale. På bakgrunn av nasjonale prognosar har ein sett at det største behovet vil vere innan helse- og omsorgsektoren. Vi har derfor satsa særskild på å heve kompetansen innan helsearbeiderfaget, både gjennom lære plassar, TAF-elevar og gjennom å tilrettelegge for at ufaglærte assistentar får høve til å formalisere/oppgradere sin fagkompetanse.

Som medlemsbedrift i Nordhordland Opplæringskontor har vi hatt god hjelp til rekruttering og oppfølging av lærlingane våre.

Svar på interpellasjon frå Ingrid Fjeldsbø (Høgre):

1) Kor mange lærlingar kan Lindås kommune ha, jfr vedtak i KO 2?

Ihht. vedtak 11/16 i kommunestyret kunne talet på lærlingar aukast frå 15 (inkl. TAF-elevar) til 25.

2) Kor mange lærlingar er i lærlingeløpet pr i dag?

Vi har i dag 25 lærlingar (inkl. TAF-elevar) i Lindås kommune.

3) I kva fag er Lindås kommune godkjent som lærebedrift?

Lindås kommune er godkjend lærebedrift i følgjande fag:

- Helsefagarbeidarfaget
- Barne- og ungdomsarbeidarfaget
- Kontor- og administrasjonsfaget
- Feiarfaget
- Institusjonskokkefaget

4) Og korleis er lærlingene fordelt på desse faga?

Fordeling av lærlingar:

- | | |
|------------------------------|------------------|
| • Helsefagarbeidar: | 16 (inkl. 4 TAF) |
| • Barne- og ungdomsarbeidar: | 6 |
| • Kontor- og administrasjon: | 2 |
| • Feiar: | 1 |

5) Kor mange lærlingar har fått tilbod om jobb, både heiltid og deltid, etter endt læretid dei siste to åra?

Dei aller fleste har fått tilbod om stilling i Lindås kommune etter læretida. Av dei som har fullført læretida si i Lindås kommune dei to siste åra er 12 av 16 lærlingar tilsett/eller har vore tilsett i fagarbeidarstillingar etter læretida. 5 av desse i 100% stillingar. Både faste stillingar og vikariat.

6) Kor mange har ikkje fått tilbod om jobb etter endt læretid dei to siste åra?

Av dei fire som ikkje har vore tilsett som fagarbeidar etter endt læretid kjenner ein ikkje til kvifor dei ikkje har fått tilsetjing i stilling.

7) Kva tiltak kan gjerast for å kunna tilby fleire nyutdanna lærlingar jobb i Lindås kommune?

Med ein situasjon der dei aller fleste får tilbod om stilling etter endt læreløp har ein ikkje sett etter særskilde tiltak for å tilby nyutdanna fagarbeidarar jobb i kommunen. Rett nok er ikkje alle stillingar på 100% og ofte startar ein opp i eit vikariat (eller ein kombinasjon mellom fast stilling og vikariat). Då det er eit mål å tilsetje i så store stillingsprosentar som råd, er det høve til å auke opp stillinga si til ønska storleik over tid.